

# Til elevane på 10. trinn

## Munnleg og munnleg-praktisk eksamen 2026

### 1. Eksamen på 10. trinn

På slutten av 10. trinn skal du ha to ulike eksamenar.

#### Skriftleg eksamen

Først skal du ha skriftleg eksamen i enten engelsk, norsk eller matematikk. Denne varianten kallar vi sentralt gitt eksamen. Det er fordi eksamen blir laga av Utdanningsdirektoratet i Oslo.

Skriftleg eksamen varer i fem klokketimar. Skal du ha skriftleg eksamen i norsk, skal du ha to eksamensdagar. Ein i hovudmål og ein i sidemål. Om du har fritak frå vurdering med karakter i skriftleg sidemål, skal du berre ha ein eksamensdag i hovudmålet ditt. Skriftleg eksamen i engelsk og matematikk har ein eksamensdag.

#### Munnleg eller munnleg-praktisk eksamen

Den andre varianten er lokalt gitt eksamen. Den er enten munnleg eller munnleg-praktisk. Eksamensoppgåva blir laga av faglæraren din.

Munnleg eksamen varer i inntil 30 minutt. Du kan bli trekt ut til munnleg eksamen i eitt av disse faga:

- engelsk
- fordjuping i engelsk
- fordjuping i norsk
- framandspråk
- KRLE
- norsk
- samfunnsfag

Munnleg-praktisk eksamen varer i inntil 45 minutt. Denne varer lenger fordi det i tillegg skal vere eit praktisk innslag som skal sjåast i samanheng med fagsamtalen du skal ha med faglæraren og sensor. Du kan bli trekt ut til munnleg-praktisk eksamen i eitt av desse faga:

- arbeidslivsfaget
- fordjuping i matematikk
- matematikk
- naturfag

### 2. Individuelt, par eller gruppe?

Dei fleste vel å gå opp til eksamen individuelt, men du kan gjennomføre eksamen i par eller i gruppe. I så fall bør du ha øvd på dette på prøveeksamen eller på munnlege og/eller munnleg-praktiske vurderingar i løpet av ungdomstrinnet. Det er lurt at du spør om råd frå faglæraren din om kva som kan vere eit godt val for deg.

Går du opp til eksamen i par eller gruppe, er det din individuelle kompetanse i faget på eksamensdagen som skal bli vurdert.

### **3. Særskild tilrettelegging av eksamen**

Du kan ha rett til å få lagt forholda til rette under eksamen, slik at du skal få vist kompetansen din. Døme på at du eller andre elever kan ha en slik rettighet, kan vere allergi eller talevanskar. Eit døme på tilpassing er at du får utvida tid.

Tilrettelegginga skal ikkje vere så stor at det ikkje er mogleg for sensor å vurdere kompetansen din.

Særskilt tilrettelegging er rektor si avgjerd, men du har mulighet til å klage på avgjørelsen. Statsforvaltaren i Rogaland handsamar klagen.

### **4. Kva kan du ta med på eksamen?**

Du kan starte eksamen med ein digital presentasjon, men det er ikkje obligatorisk. Om det oppstår tekniske problem under den digitale presentasjonen, må du vere førebudd på å gjennomføre eksamen utan digital presentasjon. Tida som går med til å gjere klar IT-utstyr som skal bli brukt i eksamensrommet, blir ikkje rekna som ein del av eksamenstida.

Det er du som bestemmer kva du vil ha med av kjelder/gjenstandar, notatark eller liknande på eksamen. Du må vurdere kva som er relevant å eventuelt ta med som bidrag for å få vist kompetansen din i faget.

### **5. Informasjon om kva fag du skal ha eksamen i**

Du får vite kva fag du skal ha eksamen i 48 timar før eksamensdagen starter kl. 09.00.

### **6. Førebuingsdelen**

24 timar før eksamensdagen starter får du utdelt eksamensoppgåva. Skoledagen før eksamensdagen blir kalla førebuingsdelen. Du må som hovudregel vere på skolen første halvdel av dagen. Etterpå kan du jobbe vidare ein annan stad. I nokre tilfelle kan faglæraren gå med på at du kan jobbe til dømes heime heile førebuingsdelen, men det krev at faglæraren meiner at det er den beste løysinga for deg.

I førebuingsdelen kan du få rettleiing av faglæraren, men det er du som bestemmer korleis du vil svare på eksamensoppgåva.

### **7. Kva skjer på eksamensdagen?**

Under eksamen snakkar du for det meste med faglæraren din. Sensoren som kjem frå ein annan skole kan stille deg spørsmål mot slutten av eksamen. Det kan sensor gjere for å bli sikker på kva karakter du skal ha.

Du skal få moglegheit til å vise kompetanse i så stor del av faget som mulig. Derfor må du være forberedt på å få spørsmål som er knytt til ulike delar av læreplanen. Det betyr at du ikkje kan regne med at det du skal snakke om på eksamen bare skal ha direkte samband med det avgrensa emnet/temaet i eksamensoppgåva du har fått.

Du skal få vite eksamenskarakteren din før neste elev skal inn for å ha sin eksamen.

### **8. Kva om du blir sjuk på førebuingsdelen eller på eksamensdagen?**

Førebuingsdelen er en del av eksamen. Har du har dokumentert fråver på førebuingsdelen, har du automatisk dokumentert fråver frå eksamensdagen. Om du ønsker å delta på eksamen sjølv om du har dokumentert fråvær på førebuingsdelen, får du likevel gjennomføre eksamen. Om du har udokumentert fråver på førebuingsdelen, må du møte på eksamensdagen.

Blir du sjuk på førebuingsdelen og/eller på eksamensdagen, må du eller foreldra dine gi beskjed til rektor snarast. Du må levere legeerklæring same dagen som du melde frå til rektor.

## **9. Klage på munnleg eller munnleg-praktisk eksamen.**

Du kan bare klage på at det er gjort en formell feil som har hatt noko å seie for eksamensresultatet. Formelle feil kan være at du ikkje fikk vite karakteren før neste elev har starta på sin eksamen, eller at du meiner at du blei distraherert i eksamenssituasjonen.

Skolen skal gi deg og foreldra dine informasjon om at klagen kan bli levert skriftleg eller munnleg til rektor innanfor klagefristen. Statsforvaltaren i Rogaland handsamar klagen.

Om du får medhald i klagen, kan du ikkje få endra på karakteren. Resultatet blir i staden at karakteren blir annullert, utan at det går ut over karaktersnittet ditt på vitnemålet. Om du ønskjer det, kan du velje om du vil gå opp til eksamen på nytt. I så fall skal eksamensfaget bli trekt på nytt.

**Lukke til med eksamen!**